



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
009/19	Utval for samfunn, kultur og næring	03.12.2019
044/19	Kommunestyret	11.12.2019

Prioriteringliste for spelemiddelsøknader -idrettsanlegg i Sunnfjord kommune 2020

Vedlegg i saka:

28.11.2019	Prioriteringsliste nærmiljøanlegg anlegg	1325561
28.11.2019	Prioriteringsliste ordinære anlegg	1325562

Innstilling fra Utval for samfunn, kultur og næring 03.12.2019:

Sunnfjord kommunestyre vedtek prioriteringsliste nærmiljøanlegg (datert 28.11.19) og prioriteringsliste ordinære anlegg (datert 28.11.19), etter kriterie for prioritering mellom anlegg i Sunnfjord kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek prioriteringsliste nærmiljøanlegg (datert 28.11.19) og prioriteringsliste ordinære anlegg (datert 28.11.19), etter kriterie for prioritering mellom anlegg i Sunnfjord kommune.

Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 03.12.2019:

Utalet drøfta saka

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd.

USKN-009/19 Vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek prioriteringsliste nærmiljøanlegg (datert 28.11.19) og prioriteringsliste ordinære anlegg (datert 28.11.19), etter kriterie for prioritering mellom anlegg i Sunnfjord kommune.

Behandling i Kommunestyret 11.12.2019:

Stig Tveit (AP) og Siv Karin Hestad (AP) bad om habilitetsvurdering som følge av verv som høvesvis leiar og nestleiar i Jølster IL.

Åsmund Berthelsen (SV) bad om habilitetsvurdering som følge av at han har sendt inn tre søknader.

Kommunedirektøren si samla vurdering: Dersom ein sitt i styrande organ i organisasjonar som har sendt inn søknader, bør ein gå frå som inhabil sidan det kan svekke personen sin upartiskheit i saka, jf. fvl. § 6 andre ledd.

Kommunestyret erklærte Tveit, Hestad og Berthelsen som inhabile, mot 1 røyst.

Avrøyting:

Utval for samfunn, kultur og næring sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

KST-044/19 Vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek prioriteringssiste nærmiljøanlegg (datert 28.11.19) og prioriteringssiste ordinære anlegg (datert 28.11.19), etter kriterie for prioritering mellom anlegg i Sunnfjord kommune.

Bakgrunn for saka:

Etter reglar fastsett av Kulturdepartementet, skal kommunen kvart år gjere ei prioritering mellom dei spelemiddelsøknader som kjem inn. Denne prioriteringa blir lagt til grunn når Fylkeskommunen tildeler midlar. Om det ikkje er nok midlar til alle som søker, får dei med høgst prioritering tildeling.

Saksutgreiing:

Gruppering og status på søknader

Søknadane blir delt inn i to grupper:

- Ordinære anlegg
- Nærmiljøanlegg

Dei kan ha tre ulike statusar:

- Ny
- Fornya – tidlegare søknad godkjent, men har ikkje fått løyving
- Gjentatt – tidlegare søknad godkjent og fått delvis løyving.

Tilknyting til planverk

Ein føresetnad for å kunne søkje om spelemidlar er at anlegget er tatt inn i Sunnfjord kommune si kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (rullerast kvart år). Unntaket er for nærmiljøanlegg med kostnadsråme under 600.000 kroner, der er det ikkje plankrav. Vi har likevel valt å ta desse anlegga med i vår plan. Dette sikrar ryddigheit for alle som vil etablere anlegg, og politisk og administrativ oversikt over kva det blir jobba med i dei ulike delane av kommunen til ei kvar tid.

Fram t.o.m. 2019 var det slik at kostnadskrevjande og arealkrevjande anlegg og anlegg som kunne vere ei miljømessig belastning, skulle styrast etter prioriteringar i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette er tatt vekk i den nye "Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv" for Vestland fylkeskommune. Der er det berre tiltak, og ikkje anlegg, som er tatt med i handlingsprogrammet. Det betyr at desse anlegga no må prioriterast saman med dei andre ordinære anlegga i Sunnfjord kommune.

Frå 2020 vil Vestland fylkeskommune likevel vurdere å opprette eit regionalt program for anleggstypane basseng og idrettshallar (inkl spesialhallar) for perioden

2022 – 2024. Programmet vil då eventuelt vere ein del av eksisterande spelemiddelordning.

Fylkeskommunale kriterie for fordeling av spelemedilar

Når Sunnfjord kommune skal prioritere mellom innkomne søknader må vi ha med oss kva kriterier Vestland fylkeskommune legg til grunn for fordeling av spelemedilar:

1. Fylket tek utgangspunkt i dei kommunale prioriteringslistene ved tildeling. Dette betyr at ein i all hovudsak følgjer den prioriteringa kommunane har gjort, men kan gjere endringar dersom det er grunnlag for det (t.d at eit ordinært anlegg er prioritert høgt allereie første søknadsår).
2. Alle kommunar som søker skal få tildeling til minimum eitt nærmiljøanlegg.
3. Friluftslivsanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemedilar i løpet av dei to første godkjende søknadsåra.
4. Fordeling til kommunane skjer på bakgrunn av vekting av godkjend søknadssum og folketal.
5. For å utjamne ventetida på spelemedilar mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjend søknad i tre år før første tildeling (gjeld ikkje friluftsliv, som kan få tildeling første/andre søknadsår).

Når det gjeld gjentekne søknader (påbyrja tildeling) som ikkje er avslutta ved inngang til Vestland fylkeskommune, så skal desse tildelingane vere avslutta i 2020 og 2021.

Kommunale kriterier for prioritering mellom anlegg

I den nye kommunal planen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Sunnfjord kommune vert det lagt følgjande generelle føringar for prioritering mellom innkomne søknader om spelemedilar:

* Behovsvurdering

- 1) Årstal for første godkjente søknad
- 2) Rehabilitering av eksisterande anlegg med høg aktivitet
- 3) Nærmiljø- og friluftslivanlegg – for eigenorganisert aktivitet og til områder med låg anleggsdekning
- 4) Ferdigstilling av deler av større anlegg
- 5) Ordinære anlegg for organisert aktivitet- konkurranse- og treningsanlegg.
- 6) Støtteamlegg (klubbhus, toalett, garderober, lager, tribune, p-plass, etc.)

Felles prioritieringsliste for Sunnfjord kommune

Med frå administrasjonen i oppsett av felles prioriterningsliste for Sunnfjord kommune er:

Endre Fure Bortne (Naustdal kommune)

Inge Larsen (Førde kommune)

Birgitte Refvik (Gauldalen kommune)

Laila Bergheim Ommedal (Jølster kommune)

Solfrid Trå (Friluftsliv)

Hilde Bjørkum (Kommunalsjef Kultur og idrett)

Anne-Grete N. Rognsøy (Einingsleiar Idrett og friluftsliv)

Gruppa har utarbeidd ei liste for prioriteringar av nærmiljøanlegg (vedlagt) og ei for prioritering av ordinære anlegg (vedlagt), etter kriterier for prioritering mellom anlegg i Sunnfjord kommune og prioritert høgt opp minst 1 anlegg frå kvar av dei gamle kommunane.

Alle anlegg som har søkt pr. 28.11.19 er teke med på prioritering. Søknadsfristen var sett til 01.10.19.

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Anne-Grete N. Rognsøy
Einingsleiar idrett og friluftsliv